

Etter møte med tillitsmannsapparatet og vernetenesten er vi samde om at vi tar denne prosessen vidare på følgande måte;

- Det er kommunalsjef som leiar prosessen frå Sogndal kommune si side.
- Det blir jobba med å få på plass ekstern bistand så raskt som råd, det er viktig at sakkyndig bistand har god kompetanse knytt til konflikthandtering, kommunikasjon og utvikling av menneskelege relasjonar. Det er ein fordel om vedkommande har godt kjennskap til barnevernet som fagdisiplin.
- Det er avgjerande viktig at arbeidet med å betre arbeidsmiljøet blir tatt tak i av alle tilsette og at arbeidet vert prega av åpenheit, aksept for ulike behov og ønsker og med fokus på å skape ein trygg, lojal og tiltsskapande arbeidsplass.
- God kommunikasjon og samhandling er avgjerande for å få til eit godt arbeidsmiljø. Det vil bli laga eit opplegg der vi gjennom påleggsperioda jobbar med å utvikle gode kommunikasjonsferdigheiter både hos leiinga og tilsette.
- Med utgangspunkt i oppsummeringar frå arbeidstilsynet om ønske om endringar og innspel frå personalmøte, vert det sett ned ulike grupper av tilsette for å komme med konkrete forslag på korleis ting kan endrast. Oppretting av gruppene skal gjerast i samråd med verneombod og tiltssvald. Forslag til tema som det blir jobba med;
  - System og struktur for rettleiing, debrifing mm knytt til det krevande arbeidsinnhaldet i barnevernet og kva det gjer med arbeidstakarane både følelsmessig, kognitivt mm. I dette arbeidet vil vi bruke tilsette ved Hsf (sosionom/barnevern eininga) som sparringspartner.
  - Tydleg avklaring og struktur knytt til personaloppfølging og fagleg oppfølging, herunder også behovet for tilgjengelegheit for leiar.
  - System, vurdering og rutiner for fordeling av saker.
  - Samhandling leiing og tilsette.
- Det skal vere hyppig og god informasjonsflyt knytt til kva som skjer i denne prosessen, det vert difor kalla inn til fast informasjonsmøter annankvar onsdag. Dette blir korte møter, men med høve til å stille spørsmål og gje tilbakemelding.
- Ny barnevernsleiar blir kopla på prosessen så raskt som råd.
- Kommunalsjef har jamnlege møter med verneteneste og tiltssvald. Dette må vere fleksibelt i høve til behov og hyppigast no i starten.
- Det er viktig at det er ein god kommunikasjon med leiinga ved kontoret i prosessen. Dett gjeld både frå overordna, vernetenesta men og frå tilsette.
- Kommunalsjef vil ha ein samtale med alle tilsette for å få oversikt over kven som ønsker og treng individuell bistand i høve til at ein over lang tid har opplevd eit krevande arbeidsmiljø. Dette vil skje innan utgangen av veke 11.

- Slike prosessar er både tids- og energikrevande. Det må difor i ei periode vere aksept for å bruke meir ressursar enn normen for å gje tilfredstillande barneverntenester.